

## Referat styremøte i Myrkdalen Grendalag 12. nov 2014

Til stades: Arne Bystøl, Kristian Backer, Sigrid Skjervheim, Anne Lise Ulvund, Gudmund Furu

Trimboksane er henta inn, og det var tilsaman 474 registreringar på dei 7 postane i år. Som tilegare vil dei som har vore på alle postane, få ein minnepremie.

I år har desse vitja alle postane: Odd Bjarne Nesheim, Brita Tveite, Arne Bystøl, Ragnhild Bystøl, Magnar Bystøl, Per Backer, Geir Rasmussen, Sigrun Furu, Gudmund Furu, Øystein Hirth, Maria Petterson, Brita Hirth, Kjetil Skjervheim.

Loddtrekkjingspremie på kvar post gav desse resultata:

- Murane: Brita Hirth
- Gjetshellaren: Anne Grete Mørkve
- Skjervheimslangeleina: Irene Skotheimsvik
- Storebotn: Knut S. Nesheim
- Sendedalen: Magnar Bystøl
- Skabotnvarden: Øystein Hirth
- Svolefjell: Erik Hofset

Premiane lyt tingast, og vinnarane vert kontakta når desse kjem.

Heimesida vert driven av Per Backer. Etter søknad får han no kjøpa eit nytt og betre fotoapparat. Det gamle har gjort teneste i mange år.

Quiz: Me prøver med nye runder med quiz-kveldar, første gong onsdag 26. november kl. 20.00 i Ungdomshuset.

Me vonar at folk møter fram og deltek. Det vert to kveldar seinare, i januar og februar.

Ref: GF